



Møtebok for Valstyret

Møtedato: 29.01.2019
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 10:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Utvalslar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann		

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2019	Godkjenning av møtebok
003/2019	Orienteringssaker
004/2019	Valkrinsar ved kommuneval 09.september 2019

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		19/13

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2019	Valstyret	PS	29.01.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Valstyret - 001/2019

VS - behandling:

VS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke		19/13

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2019	Valstyret	PS	29.01.2019

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Valstyret - 002/2019

VS - behandling:

VS - vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Valstyret - 03.05.2017

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		19/13

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2019	Valstyret	PS	29.01.2019

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Valstyret - 003/2019

VS - behandling:

Ingen orienteringssaker

VS - vedtak:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt	FE - 014	19/16

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2019	Valstyret	PS	29.01.2019

Valkrinsar ved kommuneval 09.september 2019

Forslag til vedtak:

Modalen kommune skal ha to valkretsar ved kommunevalet 2019, Mo og Øvre Helland

Det skal nyttast elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Før Kommunevalet 2019 skal kommunestyret avgjera kor mange valkrinsar ein skal ha i kommunen, jfr. Vallova § 9-3. Folkeregistermyndet skal vera orientert om endringar i røystekrinsinndeling innan 31. mars i valåret. Modalen kommune har hatt 2 valkrinsar.

Nokre praktiske rutinar i høve avvikling av val har blitt endra dei siste åra, bl.a. tydlegare krav til universell utforming av vallokale og elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.

Vurdering

Det er om lag 300 røysteføre innbyggjarar i Modalen kommune.

Utifrå tal røysteføre er behovet for 2 valkrinsar soleis ikkje naudsynt, men avstand og dårleg intern offentleg kommunikasjon veg imot. For å effektivisera arbeidet med avvikling av val, kan reduksjon av tal krinsar vera positivt. Det vil bli ferre personar involvert i røystestyra og ferre vallokale å administrera. Kommunen har i dag sentral samla teljing. Modalen kommune er opptatt av å ha høg valdeltaking, og ved samanslåing av kretsar kan ein risikera at deltakinga går ned.

Rådmannen vil rå til at Modalen kommune innfører elektronisk avkryssing på valdagen. Dette vil letta arbeidet monaleg for røystestyra og administrasjonen på valdagen, og redusera feilkjelder ved kryssing i manntalet. Modalen kommune har hatt elektronisk avkryssing i manntalet, og har gode røynsler med dette.

Ved elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen er det ein føresetnad med stabil nett tilgang i vallokalet, og ein må ha nokre pc`ar disponible for valfunksjonærane.

Det vil framleis vera høve å førehandsrøysta ved kommunehuset før valet.

Konklusjon

Rådmannen rår til at ein vidarefører å ha to røystekrinsar, og at ein legg til rette for opplæring og bruk av ordninga med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen.

Valstyret - 004/2019

VS - behandling:

VS - vedtak:

Modalen kommune skal ha to valkretsar ved kommunevalet 2019, Mo og Øvre Helland

Det skal nyttast elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen